

Austrheim Kommune-
Teknisk Kontor Planavdeling v/Asbjørn Toft.

SAK; Klage på Kommunedelplan for vassforsyning og avløp 2017 – 2027 i Austrheim kommune-
Offentleg ettersyn

Klage	Underlag for klage
<p>Tilknytting av nye abonnenter på avløpsiden til Kaland avløpstasjon stanses inntil utslipp er tilfredstillende hva gjelder kapasitet og rensing.(måleresultat) ihht 3.8.5 Dokumentasjon av avløpsanlegg</p>	<p>3.8.4 Avløpsutslepp til gode resipientar Ved sanering av dei separate avløpa i Nordre Fonnesvågen vil det vere naturleg å byggja nytt mekanisk reinseanlegg i Nordre Fonnesvågen med tilhøyrande ny utsleppsleidning ut i Fensfjorden. Her bør utsleppa frå avløpa i Kaland/Litlås området også knytast på. Dermed får ein sanert utsleppet til Fonnesstraumen, ein resipient som er sårbar. Dette er med som eit viktig prioriteringsak frå hovudplanen for avløp som vart godkjent i 2001.</p> <p>3.8.5 Dokumentasjon av avløpsanlegg Det påkvar Austrheim kommune ei dokumentasjonsplikt i høve til avløp og vassressursar. Dette gjeld alt frå arbeidsgjevaransvaret i forhold til HMS til forvaltningsdokumentasjon og vidare avløpsanlegga sine driftsjournalar. Reinsekrava som er føresett i utsleppsløyvet frå 1996 frå Fylkesmannen i Hordaland, er mekanisk reinsing med utslepp til gode sjøresipientar. Utsleppsløyvet gjeld for: «Oppsamling, transport, handtering og utslepp av kommunalt avløpsvatn. Handtering av slam og resipientgransking.» Dette utsleppsløyvet for Austrheim kommune vart heimla i forureiningslova av 13.03.1981 § 18. Dette løyvet erstatta tidlegare utsleppsløyve gjeve til Austrheim kommune i perioden 1972-1976. I utsleppsløyvet frå Fylkesmannen datert 18.03.1996 som er eit fellesløyve for heile kommunen, er det satt opp ein del punkt som omhandlar det å utarbeida rutiner for ulike delar av avløpsverksemda, med tilhøyrande fristar. Mange av desse punkta er ikkje utført og det vert ein del av handlingsplanen i denne planperioden. Eit av desse punkta er å utarbeida og ajourføre leidningskartverk. Det skal og setjast krav til tilknytingsgrad til reinsedistrikta. Målet er å få ein tilknytingsgrad på over 90% i alle desse områda. I tillegg er det nedfelt krav og dokumentasjonsplikt i nytt regelverk, som må innarbeidast i eksisterande eller ny dokumentasjon. Døme på dette er prøvetaking av avløpsvatn i samband med reinseanlegg, for å dokumentere reinseeffekta.</p>

Olav Jetmundsen
Vardemyrsvegen 15, boks 65
59533 Fonnes